



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal fylke

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		11785/2010/033	Anne Berit S. Halle, 71 25 80 95	09.03.2010

Fellesmøte om Ungdomsråd /Ungdommens kommunestyre

Vi inviterer med dette koordinator og leiar i Ungdomsråd (UR) eller Ungdommens kommunestyre (UKS) til møte i Molde. Dei kommunane som ikkje har UR/UKS per dato oppfordrast til å sende nokon andre som kan representere kommunen. Dette gjeld og om koordinator/leiar er forhindra frå å delta.

Ungdomspanelets kartlegging av UR/UKS i fylket viser at det er store skilnader i korleis kommunane prioriterer arbeidet med ungdom og medverknad. Tanken bak dette fellesmøtet er at dykk som jobbar med og i ungdomsråd skal bli betre kjende med kvarandre, dele på kunnskap, erfaringar og kanskje knytte nokre nye kontaktar. Men og at dei som ikkje har UR/UKS som fungerer per dato skal få gode råd om korleis starte opp og drifte.

Stad: Carolus, Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6, Molde.

Møtet er i konferansedelen i fyrste etasje. Carolus ligg i gangavstand frå fylkeshuset.

Tid: Tysdag den 23. mars kl 10.00

Program:

Kl. 10:00: Kaffe/te, frukt og svele.

Kl 10.30: Velkommen ved Ida Andrine Heggset, leiar i UP.
Ida orienterer om Ungdomspanelet og deira arbeid ut mot ungdomsråda.

Vetle Wang Soleim, nestleiar i UP: "Korleis jobbe i Ungdomsråd"

Anne Berit S. Halle, koordinator UP, orienterar om Ungdommens fylkesting 2010 (UFT), UNGweb, ungdomsmidlane.

Kl. 12.00: Monica Molvær, elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal, held eit innlegg om samarbeid.

Kl 12:30: Lunsj

KI 13:15: "Har vi noko å tene på samarbeid over kommunegrensene og korleis kan vi gjere dette?" Vetle Wang Soleim, innleier med ei kort orientering om Nordmørskonferansen. Vi delar oss opp i grupper, etter region, og diskuterar.

KI 14:30: Kvar gruppe legg kort fram kva dei kom fram til.
Eventuelt.

KI 15.30: Slutt.

Vi legg ikkje opp til noko stramt program og vi sett av tid for spørsmål og diskusjonar undervegs.

Problemar med å finne Carolus? Sjå kart her: <http://kart.gulesider.no/m/pngHj>

Det er ikkje parkeringsplassar for gjester ved Carolus men det er nokre merka plassar ved fylkeshuset og Aker stadioen. Her kan ein parkere om det er ledig og ein har parkeringsbevis. Desse kan hentast i resepsjonen på fylkeshuset.

Siste frist for påmelding er tysdag den 16.mars.

Velkommen til møte!

Med helsing

Anne Berit Svenkerud Halle
rådgivar

absh@mrfylke.no. Mob 98 41 30 03